



På NRK si distriktssending torsdag fortalde Jørn Øyrehagen Sunde om førebuing og gjennomføring av ei førelsing på 200 minuttar.

I morgon, søndag 19. januar, arrangerer Universitetet i Bergen Aarebrotførelesinga 2020 i Aulaen på Museplassen 3. Jørn Øyrehagen Sunde frå Uskedalen er professor i rettshistorie og skal halda årets førelsing. Han skal på 200 minutt førelsa om rettshistoria frå mellomalderen til den moderne rettsstaten. Studentane er med og underheld med song og tablå frå lover i historia.

På NRK si Distriktssending torsdag fortalde Jørn Øyrehagen Sunde om korleis han førebur seg og gjennomfører programmet. Han brukar til vanleg ikkje manus, men organiserer alt som ei forteljing med bilete i hovudet. Han lever seg sterkt inn i den tida og det er som vera å vera i hendingane.

Bakgrunnen for denne metoden er, slik Jørn fortel til NRK, at han frå oppveksten hadde vanskar med rettskriving. Dyslektiske problem gjorde at han lærte alt utaboks, laga historia i bilete og forsterka evna til memorering. Dette gjer også at Jørn Øyrehagen Sunde er ein framifrå formidlar der hans engasjement lett smittar over på tilhøyrarane.

På 200 minuttar dreg han linene frå mellomalderen i Bergen til dagens NAV skandale og riksrettsaka mot den amerikanske presidenten, Donald Trump. Han kjem også innom demokratiutviklinga i Europa og motkrefter, slik vi ser det i Polen og Ungarn i dag.

Førelesinga går søndag 19. januar frå kl. 19.00 til kl. 22.45. Sendinga vert streama på UiB sine nettsider og på NRK.no.

Link:

<https://www.uib.no/aktuelt/131399/aarebrotforelesningen-2020>

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Kristian Bringedal/Thor Inge Døssland

